

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 4.sept 2024 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Dag Sele

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Dag Kjetil Læg Reid (1. vara), Runar Isdahl (2.vara), Åslaug Nag (4.vara)

Forfall: Magne Andresen, Fridleif Lydersen (geistleg vara, innkalla til sak 2024/52)

SAKLISTE

2024/50- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med ein tilleggssak:
2024/56 – Endringar i utvalsmedlemmer

2024/51- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2024/52- 212 Uttale ifm tilsetjing av ny prost i Sunnhordland (U.OFF)

Unnateke offentleg innsyn, jfr Offentleglova §13

2024/53- 046 Informasjon på skjerm i Stord Kyrkje

Kyrkjestova Fredheim har vedteke å ta i bruk ei løysing for informasjon på skjerm som heiter *Infoskjermen* og vert levert av Favo. Ein kan lese meir om løysinga på www.infoskjermen.no, og den vil bli presentert i møtet. Løysinga gir oss moglegheit til å vise eit dynamisk innhald på ein eller fleire faste skjermar, samt å vise det same innhaldet gjennom ein app. Soknerådet bes ta stilling til om me ønskjer å ta i bruk same løysing for Stord sokn. Løysinga har ein kostnad på 1 300kr per skjerm per år (for frivillige organisasjonar), og ein må i tillegg kjøpe eigna skjermar til ca 10 000kr per stk. Eit førebels forslag er å kjøpe to skjermar: Ein til våpenhuset i Stord Kyrkje og ein til Kyrkjekontoret. I tillegg kan innhaldet visast på veggjen i kyrkja som erstatning for powerpoint-løysinga med held på å ta i bruk.

Soknerådet stemte over to alternativ til vedtak:

Alternativ 1:

Soknerådsleiar får mandat til å gå vidare med iverksetjing av løysing med Infoskjermen:

- 1. Avklare løysinga med kyrkjevevja og diskutere korleis stab og råd samhandlar om dette*
 - 2. Avklare behov for søknad til biskop om tiltak i kyrkja (prøveordning)*
 - 3. Når pkt 1 og 2 er avklart, inngå avtale med Infoskjermen og kjøpe naudsynt utstyr.*
- Soknerådet løyver inntil kr 25 000 for naudsynt utstyr (skjermar, kablar mm) som bruk av midlar frå takkoffer til eige arbeid, evt som bruk av ubunde fond om ikkje takkoffer strekk til.*

Alternativ 2:

Soknerådsleiar får mandat til å gå vidare med iverksetjing av løysing med Infoskjermen:

- 1. Avklare løysinga med kyrkjevevja og diskutere korleis stab og råd samhandlar om dette*
- 2. Avklare behov for søknad til biskop om tiltak i kyrkja (prøveordning)*
- 3. Avklare økonomisk ramme for innkjøp av skjermar, utstyr og lisensar.*

Alt 1. 7 stemmer, Alt 2: 2 stemmer

Vedtak:

Soknerådsleiar får mandat til å gå vidare med iverksetjing av løysing med Infoskjermen:

1. Avklare løysinga med kyrkjevevja og diskutere korleis stab og råd samhandlar om dette
2. Avklare behov for søknad til biskop om tiltak i kyrkja (prøveordning)
3. Når pkt 1 og 2 er avklart, inngå avtale med Infoskjermen og kjøpe naudsynt utstyr.

Soknerådet løyver inntil kr 25 000 for naudsynt utstyr (skjermar, kablar mm) som bruk av midlar frå takkoffer til eige arbeid, evt som bruk av ubunde fond om ikkje takkoffer strekk til.

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

2024/54- 421 Kyrkjelydshus

Soknerådet får ei orientering frå arbeidsgruppa som arbeider med kyrkjelydshus om status i arbeidet og aktuelle planar framover. Arbeidsgruppa ber om mandat til å bruke inntil kr 30 000,- på utgreiing av eit mogleg konsept for vidare vurdering.

Vedtak: Saka utsetjast til neste møte.

2024/55- 411 «Gjere jula synleg»

Soknerådet gjorde vedtak hausten 2023 om å forsøke å gjere jula meir synleg utanfor / rundt kyrkja. Kva vil soknerådet på dette området i år? Nokre som vil vere med på dette?

Vedtak: Saka utsetjast til neste møte.

2024/56- 012 Endringar i utvalsmedlemmer

Sigrid Beate Tveit Eskeland og Egil Petterteig har sagt at dei vil gå ut av gudstenesteutvalet. Soknerådet drøftar deltaking i dette (og andre) utval.

Vedtak:

Sigrid og Egil går ut av utvalet, og det er ønskje om å få inn minst ein ny medlem i utvalet. Soknerådsmedlemmene vert oppmoda til å gje beskjed til soknerådsleiar om nokon ønskjer å gå inn i dette utvalet. Leif Steinar Alfsvåg spør Astrid Valvatne om ho vil vere med.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Fokus på å få organisert arbeidet med den staben som er tilgjengeleg, herunder m.a. konfirmantarbeidet.
 - b. God oppstartssamling med konfirmantane
 - c. God oppslutnad om tiltak som babysong, mat&prat og pølsefest ved oppstart av hausten
 - d. Noko press i prestesituasjonen som følgje av at prostipreststillingar ikkje vidareførast, og at dei som har hatt stillingane er gått av med pensjon. Det manglar prest i Skånevik no, og det vil verte ei ledig stilling om ein av dei lokale søkjarane vert tilsett som prost.
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - a. Utfordrande situasjon ift at ein ikkje har fått tilsett nye ressursar i dei to opne stillingane innan trusopplæring og diakoni.
 - b. Oppmoding om å dele utlysinga og å oppmode aktuelle kandidatar direkte til å søkje.
 - c. Sommarvedlikehald på gravplassane: Har brukt nokre midlar frå andre område til å få inn litt sommarhjelp på gravplassane – men mindre enn vanleg.
 - d. Rekneskap for 2023 visar bruk av ubunde fond på 1,35 millionar, i tillegg er det budsjettert med bruk av ca 1,1 millionar i 2024.
3. Innspel frå utvala
 - a. Orientering om kyrkjelydsleir 1.-3.nov.
Sjå informasjon på heimesida. Påmelding er opna og gjerast via kyrkjekontoret.
 - b. TOL: Trong for fleire frivillige medarbeidarar inn mot m.a. pølsefest.
 - c. Gudstenesteutval:
 - i. 15.sept: 4-årsbok og samarbeid med Søndagsskulen (Søndagsskulens dag)
 - ii. 20.okt: Soul Children tek del i gudstenesta
 - iii. 27.okt: Korgudsteneste
4. Oppdatering på arbeid med container til Cuba
 - a. Trenger fleire deltakarar i arbeidsgruppa.
Soknerådet oppmodast om å melde aktuelle namn som kan spørjast til Anders eller Leif Steinar snarast. Sigrid kan vere med å hjelpe. Tips om å spørje Jostein Grimsbø.
5. Informasjon om prostidag i Sveio (12.sept) og inspirasjonssamling for tilsette og råd (19.sept)

Skriv, referat og meldingar

1. Referat kyrkjelivsutval 20.aug
2. Informasjonsbrosjyre om satsingar for Stord sokn

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

- *Om nokre har innspel til denne kan det sendast til Anders ila dei neste dagane, elles vert denne satt i produksjon.*
- 3. Invitasjon til prostidag 12.sept
- 4. Referat trusopplæringsutval 26.aug og halvårsplan for hausten 2024

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent